vigo
Interkommunalt selskap

# Eksamen

29.05.2017

IUD2002
Produktdesign

**Programområde:** Interiør og utstillingsdesign

Nynorsk/Bokmål

# Nynorsk

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timar. |
| **Hjelpemiddel** | Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon. |
| **Bruk av kjelder** | Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.<br><br>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderinga** | Desse kompetansemåla blir det lagt vekt på ved vurderinga av eksamenssvaret:<br><br>• definere kunden sine ønske og behov, samt presentere idear til ulike interiør- og utstillingsløysingar<br><br>• hente inn og bruke relevant informasjon i eiga produktutvikling<br><br>• presentere og argumentere for eige løysingsforslag i høve til målgruppe, funksjon, estetikk, stil og samanheng<br><br>• dokumentere og vurdere eige arbeid i eit kultur- og stilhistorisk perspektiv |
| **Andre opplysningar** | Ingen |

# Oppgåve 1: Konsept

a) Analyser interiørkonseptet frå butikken «Pur Norsk» på biletet under.



b) Beskriv målgruppa, du meiner, interiørkonseptet rettar seg mot.

c) Kva for nokre kanalar kan ein nytte for å marknadsføre dette produktet best mogleg opp mot målgruppa?

d) Beskriv korleis du ville brukt font, fargar og form i ein logo for dette konseptet.

e) Kva for ein stilhistorisk epoke/tradisjon høyrer dette konseptet heime i? (Kjenner du til namn på design eller designarar på biletet?)

# Oppgåve 2: Konsept

a) Analyser interiørkonseptet «Kartell» på biletet under.



b) Beskriv målgruppa, du meiner, interiørkonseptet rettar seg mot.

c) Kva for nokre kanalar kan ein nytte for å marknadsføre dette produktet best mogleg opp mot målgruppa?

d) Beskriv korleis du ville brukt font, farge og form i ein logo for dette konseptet.

e) Kva for ein stilhistorisk epoke/tradisjon høyrer dette konseptet heime i? (Kjenner du til namn på design eller designarar på biletet?)

f) Analyser og beskriv forskjellane mellom dei to konsepta (presentert i oppgåve 1 og i oppgåve 2) når det gjeld formar, materialar, fargar og tekstur.

# Oppgåve 3: Forretningskonsept

Det skal bli etablert ein ny sportsforretning i heimbyen din, og du har blitt kontakta av eigaren av butikken, som ønsker hjelp til konseptutviklinga av butikken.

Denne butikken har fokus på klede og utstyr til friluftsliv for fjell, fiske og sjø.

a) Beskriv målgruppa, du meiner, sportsforretningen rettar seg mot.

b) Kva for nokre kanalar kan ein nytte for å marknadsføre dette produktet best mogleg opp mot målgruppa?

c) Gje forretninga eit namn, og beskriv korleis du ville brukt font, farge og form i ein logo, og grunngje korleis uttrykket passar til målgruppa.

d) Forklar og grunngje korleis du ville lagt fram dine tankar rundt konseptet for kunden.

# Bokmål

| Eksamensinformasjon | |
|---|---|
| **Eksamenstid** | Eksamen varer i 4 timer. |
| **Hjelpemidler** | Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon. |
| **Bruk av kilder** | Hvis du bruker kilder i besvarelsen din, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.<br><br>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato. |
| **Vedlegg** | Ingen |
| **Informasjon om vurderingen** | Følgende kompetansemål blir vektlagt ved vurderingen av eksamensbesvarelsen:<br><br>• definere kundens ønsker og behov, samt presentere ideer til ulike interiør- og utstillingsløsninger<br><br>• innhente og bruke relevant informasjon i egen produktutvikling<br><br>• presentere og argumentere for eget løsningsforslag i forhold til målgruppe, funksjon, estetikk, stil og sammenheng<br><br>• dokumentere og vurdere eget arbeid i et kultur- og stilhistorisk perspektiv |
| **Andre opplysninger** | Ingen |

# Oppgave 1: Konsept

a) Analyser interiørkonseptet fra butikken «Pur Norsk» på bildet under.



b) Beskriv målgruppen, du mener, interiørkonseptet henvender seg til.

c) Gjennom hvilke kanaler kan dette interiørkonseptet markedsføres på best mulig måte i forhold til målgruppen?

d) Beskriv hvordan du ville brukt font, farger og form i en logo for dette konseptet.

e) Hvilken stilhistorisk epoke/tradisjon hører dette konseptet hjemme i? (Kjenner du til navn på design eller designere på bildet?)

# Oppgave 2: Konsept

a) Analyser interiørkonseptet «Kartell» på bildet under.



b) Beskriv målgruppen, du mener, interiørkonseptet henvender seg til.

c) Gjennom hvilke kanaler kan dette interiørkonseptet markedsføres på best mulig måte i forhold til målgruppen?

d) Beskriv hvordan du ville brukt font, farge og form i en logo for dette konseptet.

e) Hvilken stilhistorisk epoke/tradisjon hører dette konseptet hjemme i? (Kjenner du til navn på design eller designere på bildet?)

f) Analyser og beskriv forskjellene mellom de to konseptene (presentert i oppgave 1 og i oppgave 2), når det gjelder former, materialer, farger og tekstur.

# Oppgave 3: Forretningskonsept

Det skal etableres en ny sportsforretning i din hjemby, og du har blitt kontaktet av butikkens eier som ønsker hjelp til konseptutviklingen av butikken.

Denne sportsforretningen har fokus på klær og utstyr til friluftsliv for fjell, fiske og sjø.

a) Beskriv målgruppen, du mener, sportsforretningen henvender seg til.

b) Gjennom hvilke kanaler kan dette forretningskonseptet markedsføres på best mulig måte i forhold til målgruppen?

c) Gi forretningen et navn, og beskriv hvordan du ville brukt font, farge og form i en logo, og begrunn hvordan uttrykket passer i forhold til målgruppen.

d) Forklar og begrunn hvordan du ville lagt frem dine tanker rundt konseptet for kunden.

vigo
Interkommunalt selskap